

# Årsmelding for funksjonsåret 2015

**M**edlemstalet ved årsskiftet var 64 (medlemmar som har betalt kontingent).

**Ø**konomien i foreninga er tilfredsstillande. Vi hadde ved årsskiftet kr **65.012,97** på medlemskonto.

**S**tyret:

Leiar – Kari Silden Sølvberg

Nestleiar – Jan Silden

Styremedlem/sekretær – Paul Sundnes

Kasserer- Kjell Rune Gangsø

1. vara: Sindre Langlo

2. vara: Unni Henden

Styret har hatt eitt formelt styremøte i funksjonsåret (påske til påske). Grunna geografisk avstand mellom medlemmar, har telefon og e-post vore nytta i tillegg. Referat frå styremøtet kan lesast på [www.silda.com / velforening/](http://www.silda.com/velforening/)

**A**ktivitetar gjennomførde i 2015

1. Dugnad 13. juli. Stiar og vegar vart stelte og benkar/skilt vart montert.  
På styremøtet i juli vart det drøfta framtidig konstituering. Det bør skje umiddelbart etter årsmøtet på grunn av vanskaner med å få til møter.
2. Nomil har satt opp et nytt søppelrom på kaia, og dei meiner at to konteinrar er nok for 2 vekers søppelopsamling for dei som har betalt renovasjonsavgift. Dei som har betalt renovasjonsavgift har fått tilsendt ein kode. Silda velforening har sendt eit brev til Vågsøy kommune med spørsmål om tvungen renovasjon, men sidan kommunen ikkje har svart på dette brevet, har sekretær sendt eit purrebrev.
3. Øyglimt har kjøpt inn to hjertestartarar til Silda. Den eine er plassert ved inngangen til garderobedelen ved grendahuset.
4. Styret har kjøpt benkar til kulturstien for 29.012,50. Desse vart montert i juli.
5. Det var kjøpt blomster til kassene for 2.726,- i 2015
6. Skaterampen er på veg til å bli plassert i nærleiken til moloen. Rampen vert montert ved tid og høve når grunnen er planert.
7. Styret har diskutert at det bør opplysast klarare til medlemmane av «Silda vel» at vi har og kan få tilskot frå grasrotandelen.  
I år var dette tilskotet på kr. 3.799
8. Familieaktivitetar: Grillfest på skuleplassen 18. juli. Det vart gjennomført leikar for barna og hesteskokasting for barn og vaksne, med premiering. Vi fekk inn 2.254,- på dette arrangementet

For styret: Kari Silden Sølvberg - leder